HERØY KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Stad:** | Herøy rådhus, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 15.02.2018 |
| **Tid:** | 16:30 – 18:00 |

**Medlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Svein Gjelseth | Medlem | AP |
| Jens Terje Johnsen | Medlem | AP |
| Per Kristian Furø | Medlem | AP |
| Runar Stave | Medlem | AP |
| Sofie Mere Arntsen | Medlem | AP |
| Leiv Aarflot | Medlem | AP |
| Gerd Kopperstad | Medlem | AP |
| Camilla Storøy | Nestleder | KRF |
| Ole Brubakk | Medlem | KRF |
| Linn-Therese Hansen Sævik | Medlem | KRF |
| Edel Kvalsund Goksøyr | Medlem | KRF |
| Henry Jøsokbakke | Medlem | V |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Medlem | H |
| Margaret Leinebø | Medlem | H |
| Bjørn Otterlei | Medlem | H |
| Idar Kjell Tarberg | Medlem | H |
| Sigurd Voldsund Nygard | Medlem | H |
| Janne-Katrin Hansen Sævik | Medlem | H |
| Marthe Vågsholm Sævik | Medlem | H |
| Hilde Marie Brungot | Medlem | H |
| Stian Sævik Elveseter | Medlem | H |
| Solveig Helen N. Båtsvik | Medlem | FRP |
| Bjarne Kvalsvik | Medlem | FOLK |
| Kjell Runde | Medlem | FOLK |
| Kaja Runde | Medlem | FOLK |
| Frank Roy Moltu | Medlem | FOLK |

**Forfall:**

| | | |
|---|---|---|
| Reidun S Myrvågnes | MEDL | AP |
| Olaug Andreassen | MEDL | AP |
| Rakel Anett Gjelseth | MEDL | AP |
| Arnulf Goksøyr | LEDER | H |
| Stig Arne Helsem Sævik | MEDL | H |
| Thor-Sigmund Garvik | MEDL | FRP |
| Dag Kåre Nærø | MEDL | FRP |

**Varamedlemer som møtte:**

| | | |
|---|---|---|
| Silje Oksholen Gjelseth | Reidun S Myrvågnes | AP |
| Johnny Hundsnes | Olaug Andreassen | AP |
| Knut Tandberg | Arnulf Goksøyr | H |
| Andreas Leine | Stig Arne Helsem Sævik | H |
| Knut Johan Voldsund | Thor-Sigmund Garvik | FRP |
| Tor Inge Sporstøl | Dag Kåre Nærø | FRP |

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Brit Berge

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.
Det møtte 26 faste og 6 vara, 1 mindre enn fulltallig.
Ordføraren hadde meldt sjukdomsforfall og varaordføraen leia møtet.
Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart valt til settevaraordførar.

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetjing.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Sigurd Nygard og Bjarne Kvalsvik

Sigurd Nygard, styreleiar i Frivilligsentralen, inviterte kommunestyret til å vitje Frivilligsentralen i dei nye lokala på Herøy kulturhus.

Skriv delt ut i møte:
Innspel frå Noregs Mållag i K-sak 6/18.

Bjarne Kvalsvik kom med framlegg om å handsame sak om forskottering gang- og sykkelveg FV61 Djupvika-Nykrem.
Kommunestyret vedtok å sende framlegget over til administrasjonen for saksutgreiing.

underskrifter

Sigurd Nygard | Camilla Storøy | Bjarne Kvalsvik

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 1/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 2/18 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 3/18 | Delegerte saker |
| PS 4/18 | Ordførarens kvarter |
| PS 5/18 | Kommunale kjerneverdiar |
| PS 6/18 | Språkbruksplan |
| PS 7/18 | Kommunikasjonsplan |
| PS 8/18 | Serviceplakat |
| PS 9/18 | Årsplan 2018 |
| PS 10/18 | Busetting av flyktningar 2018 |
| PS 11/18 | Kjøp av reinhaldsrobot til Herøy kulturhus og idrettshall |
| PS 12/18 | Slutthandsaming: Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl. |
| PS 13/18 | Klagehandsaming: Reguleringsendring for del av Eggesbøjorda, klage på vedtak om godkjent plan. |
| PS 14/18 | Rovdefjordbrua: Anmodning om teikning av aksjar i selskap |
| PS 15/18 | Høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen |
| PS 16/18 | Søknad om økonomisk bidrag til kronerulling for "Aksjon godstol" ved Volda sjukehus |
| PS 17/18 | Fritak frå politisk verv i kontrollutvalet |

| | **Delegerte saker frå avdelingane** |
|---|---|
| DS 1/18 | Herøy kommune - 60/131 og 454 - Frådeling av 2 tilleggsareal |
| DS 2/18 | Tømrer Prosjekt as - 34/166 - Endring av storleik hus nr 2 frå lengde 15,9m til 18.8m |
| DS 3/18 | Ståle Høydalsvik 5/14 tiltak planering av område - Løyve til tiltak |
| DS 4/18 | Ferdigattest - 11/162 - Skotholmen |
| DS 5/18 | Ferdigattest - 33/3 m fl - Veg/VA-anlegg |
| DS 6/18 | Ko&Ko AS 23/46 - Mildertidig bruksløyve på deler av bygget |
| DS 7/18 | Mellombels bruksløyve - 30/84 og 83 - Del av 2-mannsbustad seksjon B |
| DS 8/18 | Ferdigattest - 38/31 - ny kai/kaifront |
| DS 9/18 | Sequoia as - 34/244 - Bruksendring/ ny midlertidig bruk som hybelhus |
| DS 10/18 | Mellombels bruksløyve - 45/153 - seksjon nr 1 |
| DS 11/18 | Eggesbø eigedom as - 22/65 - Tilbygg til verkstad |
| DS 12/18 | Herøy kommune - 60/454 - Frådeling av 10 tomter |
| DS 13/18 | Ferdigattest - 46/18 - einebustad |
| DS 14/18 | Knut Ove Aspevik 50/4 Løyve til tiltak endring |
| DS 15/18 | Ferdigattest - 46/47 - Garasje |
| DS 16/18 | Eveline Kopperstad og Anders Teige 5/67- Igangsettingsløyve heile tiltaket |
| DS 17/18 | Søknad skorsteinsrehabilitering 59/8 Sandvik |
| DS 18/18 | Magne Remøy - 36/95 - Tibygg vinterhage |
| DS 19/18 | Herøy kommune 37/149 - Ferdigattest |
| DS 20/18 | Ferdigattest - 29/32 - Hovudleilegheit |
| DS 21/18 | Ferdigattest - 29/329 - Sunnmørsbadet Fosnavåg as |
| DS 22/18 | Mellombels bruksløyve - 4/330 - Einebustad |
| DS 23/18 | Kjøp av bustadtomt gnr. 12 bnr. 310 på Remøy. |
| DS 24/18 | Ferdigattest - 25/8 -piperehabilitering |

| | |
|---|---|
| DS 25/18 | Gert Sandvik - 59/8 - rehabilitering av pipe |
| DS 26/18 | Skifte av styrar for skjenkebevilling - Prego Restaurante AS |
| DS 27/18 | Nils Roger Paulsen 36/109 -løyve til tiltak parkeringsplass |
| DS 28/18 | Sana Oris Tannklinikk as - 45/77 - Bruksendring fløy A og utplassering av skilt |
| DS 29/18 | Camilla Storøy og Tore Warholm 29/247 - Løyve til tiltak |
| DS 30/18 | Eveline Kopperstad og Anders Teige 5/67 - Rammeløyve |
| DS 31/18 | Søknad om midlertidig bruksløyve. |
| DS 32/18 | S.Storøy as - 30/134 - 2-mannsbustad |
| DS 33/18 | Nick Are Skorpen og Henriette Hansen - Kjøp av bustadtomt - Gnr. 26 bnr. 234 i Herøy |
| DS 34/18 | Kjerstin Lilleøy Nygård 56/25 deling grunneigedom |
| DS 35/18 | BT Utbygging AS - 59/80 - Løyve til tiltak 2-mannsbustad med garasje og naust med flytebrygge |
| DS 36/18 | Ferdigattest - 44/127 - Fritidsbustad |
| DS 37/18 | Ferdigattest - 45/184 - Bilverkstad |
| DS 38/18 | Hallgeir Skorpen 24/57 - løyve til tiltak |
| DS 39/18 | Normann Nilsen - 7/56 - riving eldre einebustad |
| DS 40/18 | Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon 11 og 12 |
| DS 41/18 | Ferdigattest vedr bruksendring - 45/77 - fløy A |
| DS 42/18 | Thor Kleppe - 86/22 og 55 - Igangsettingsløyve |
| DS 43/18 | Ferdigattest - 16/26 - pipe |
| DS 44/18 | Frank Flusund 27/3 - Løyve til riving av sjøbod |

## PS 1/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

**Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

## PS 2/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

**Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## PS 3/18 DELEGERTE SAKER

**Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

## PS 4/18 ORDFØRARENS KVARTER

**Møtebehandling:**

Saka går ut.

## PS 5/18 KOMMUNALE KJERNEVERDIAR

**Møtebehandling:**

Camilla Storøy kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:
Gruppeleiarane tek ansvar for å velje eit medlem m/varamedlem frå si gruppe.

Formannskapet si tilråding med framlagt tillegg vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Kommunestyret vedtek at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlengd føre og kunne kallast ein «kvalitetskommune».

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel.

Kvar avdeling skal utarbeide sin handlingsplan på korleis kjerneverdiane skal forankrast.

Kommunestyret oppnemner eit etikkutval. I fyrste omgang skal utvalet levere innlegg til debatt i kommunestyret om kvar av dei tre kjerneverdiane tillit, respekt og samhandling. Utvalet kan seinare ta på seg andre oppgåver kommunestyret vil ha utgreidd. Utvalet består av ein frå kvart parti som er representert i kommunestyret.
Gruppeleiarane tek ansvar for å velje eit medlem m/varamedlem frå si gruppe.

## PS 6/18 SPRÅKBRUKSPLAN

**Møtebehandling:**

Innspel frå Noregs Mållag vart lagt fram i møte.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Planen med endring frå formannskapet vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

## PS 7/18 KOMMUNIKASJONSPLAN

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Planen vert teken til vitende. Revidering vil skje innan 31. mars 2021.

## PS 8/18 SERVICEPLAKAT

**Møtebehandling:**

Høgre v/Hilde Marie Brungot kom med framlegg om slik endring av siste kulepunkt:

- overheld teieplikta og handsamar like saker likt.

Framlegget fekk 15 røyster.

Formannskapet si tilråding vart vedteke mot 15 røyster.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Kommunestyret godkjenner Serviceplakaten slik han ligg føre og med slik endring av siste kulepunkt:

- overheld teieplikta og handsamar saker utan usakleg forskjellsbehandling.

## PS 9/18 ÅRSPLAN 2018

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2018.

## PS 10/18 BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2018

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot ei røyst.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Herøy kommune kan busette inntil 10 flyktningar i 2018.

## PS 11/18 KJØP AV REINHALDSROBOT TIL HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL

**Møtebehandling:**

Bjarne Kvalsvik kom med framlegg om å utsetje saka.
Framlegget fekk 3 røyster.
Bjarne Kvalsvik kom med framlegg om å finansiere investeringa innanfor eksisterande ramme.
Framlegget fekk 6 røyster.
Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 6 røyster.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

1. Kommunestyret godkjenner kjøp av reinhaldsrobot til reinhald av Herøy kulturhus og idrettshall til ein kostnad av kr. 350 000 eks. mva.

2. Investeringa vert finansiert ved låneopptak.

3. Det vert gjort slike budsjettendringar:

   Konto 02000 / ansvar 6051 / funksjon 386 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

   Konto 09100 / ansvar 9011 / funksjon 880 / prosjekt x – opp kr. 350 000,- eks. mva.

## PS 12/18 SLUTTHANDSAMING: FOSNAVÅG HAMN, YTRE HAMN, GNR. 35, BNR. 31 M. FL.

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Kommunestyret eigengodkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn, gnr. 35, bnr. 31 m. fl*. med plankart datert 14.12.2017 og føresegner datert 12.01.2018.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stillast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

## PS 13/18 KLAGEHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR DEL AV EGGESBØJORDA, KLAGE PÅ VEDTAK OM GODKJENT PLAN.

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Kommunestyret i Herøy kan ikkje sjå at klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen* på vegne av Sindre Løseth, eigar av gnr. 38, bnr. 51 og 133 datert 27.09.2017 inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsendring for del av Eggesbøjorda vart vedteken i møte 31.08.2017, K-sak 86/17.

Klagen frå *Advokatfirmaet Engelsen*, på vegne av grunneigar Sindre Løseth vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 86/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

## PS 14/18 ROVDEFJORDBRUA: ANMODNING OM TEIKNING AV AKSJAR I SELSKAP

### Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då han er prosjektleiar i Vanylven Utvikling AS. Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018

Herøy kommunestyre kjøper 11 aksjer i Rovdefjordsambandet AS.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 05290 (kjøp mm), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021
kr 55 000,-

Konto 09480 (bruk av ub.kap.fond), ansvar 1221, funksjon 285, prosjekt 12021

## PS 15/18 HØYRING OM AVHENDING AV STATLEGE FISKERIHAMNER I KOMMUNEN

### Møtebehandling:

Idar Tarberg, Ole Brubakk, Runar Stave og Frank Roy Moltu kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Runde hamn.
I perioden januar/februar til mars/april føregår det eit utstrakt fiske av sei, torsk og sild på fiskefelta i og rundt kommunen, det same gjeld fiske av makrell i perioden august til oktober. Fleire fiskarar frå andre deler av landet nyttar då hamnene i kommunen som liggehamner, også Runde hamn. Runde hamn sin nærleik til fiskefelta gjer dette til ei naturleg hamn å bruke for å korte ned reisetida ut til felta, også for lokale fiskarar. Redusert reisetid gir også ein miljøgevinst ved redusert bruk av drivstoff.
Ved ulykker og alvorlege sjukdomar kan avstanden til næraste hamn utgjere forskjel mellom liv og død. Like eins kan miljøkonsekvensane ved ei ulykke verte betydeleg redusert om ein har kort veg til ei hamn. Vert Runde hamn avhenda kan ein risikere at heile hamna vert utbygd med flytebrygger/båtplassar slik at det ikkje let seg gjere å legge til for andre båtar. Vedlikehaldet kan og verte forsømd slik at hamna ikkje kan nyttast.
Tilråding frå maritim og teknisk komite med framlagt tillegg vart samrøystes vedteken

### Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018

Herøy kommunestyre meiner at Runde hamn, Sandebukta hamn og Kopperstad hamn har potensiale for auka bruk og at ein ikkje bør vurderast å avhende dei, men at dei fortsatt skal ligge under Kystverket.

Herøy kommunestyre meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Runde hamn.
I perioden januar/februar til mars/april føregår det eit utstrakt fiske av sei, torsk og sild på fiskefelta i og rundt kommunen, det same gjeld fiske av makrell i perioden august til oktober. Fleire fiskarar frå andre deler av landet nyttar då hamnene i kommunen som liggehamner, også Runde hamn. Runde hamn sin nærleik til fiskefelta gjer dette til ei naturleg hamn å bruke for å korte ned reisetida ut til felta, også for lokale fiskarar. Redusert reisetid gir også ein miljøgevinst ved redusert bruk av drivstoff.
Ved ulykker og alvorlege sjukdomar kan avstanden til næraste hamn utgjere forskjel mellom liv og død. Likeeins kan miljøkonsekvensane ved ei ulykke verte betydeleg redusert om ein har kort veg til ei hamn. Vert Runde hamn avhenda kan ein risikere at heile hamna vert utbygd med flytebrygger/båtplassar slik at det ikkje let seg gjere å legge til for andre båtar. Vedlikehaldet kan og verte forsømd slik at hamna ikkje kan nyttast.

## PS 16/18 SØKNAD OM ØKONOMISK BIDRAG TIL KRONERULLING FOR "AKSJON GODSTOL" VED VOLDA SJUKEHUS

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Herøy kommune støttar «Aksjon godstol» med kr 15000,-

Dekning frå politisk disposisjonspost slik:
14900/1011/100 - kr 15.000,-

## PS 17/18 FRITAK FRÅ POLITISK VERV I KONTROLLUTVALET

**Møtebehandling:**

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018**

Som ny medlem i kontrollutvalet ut perioden vert valt:

Kristin Helsem Sævik

**MØTET SLUTT!**